

Spørsmål frå Arve Helle (A) - kva vil konsekvensen av ny drosjeforskrift innført i Norge 2020 bli

I 2020 vart ny drosjeforskrift innført i Norge. Vi er fleire som er uroa for kva konsekvensen av den vil bli både med tanke på tilgang på bilar i distrikta, men også næringa som heilskap.

Vil fylkesrådmannen i løpet av våren gje hovudutval for samferdsle og mobilitet ei statusoppdatering på innføring av forskrifta ider ein også gjer greie for bruk av delegert fullmakt til rådmannen?

Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

Viser til tidlegare orientering i fylkesutvalet den 29.10.20/ PS 219, om situasjonen vedr. drosje og undersøkingar i samband med moglegheit for eineretta tiltak.

Vi kjem attende med svar på drosjesituasjonen samt arbeidet med einerett i rapport som blir framlagt for SAMO møte den 23. mars 21.